

# **MERKNADSSKJEMA – MED RÅDMANN SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADER – VARSEL OPPSTART**

<b>Arealplan</b>	Rullering av kommuneplanen sin arealdel på tema
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeidet av</b>	Kristin Nåmdal
<b>Datert/Revidert</b>	17.01.18

---

## Merknader frå offentleg mynde

1	Fylkesmannen i Hordaland, e-post 30.10.17	<p>Fylkesmannen meiner det er bra at det vert arbeida med utfordringar i kommunen ved å rullere kommuneplanen sin arealdel på nokre tema, særleg areal til gjenbruksmassar, vurdering av område for ny barneskule og areal for parkering til attraktive turområde og rasteplassar. Dei har ingen særskilde merknadar til desse tema, men har nokre merknader til:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Areal for havbruksrelatert næring på land og vatn. Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til at kommunen skal gå i gang med dette arbeidet. Fylkesmannen oppfordrar kommunen til å vurdere sjøområda i arbeidet også for andre tema enn havbruk. Vidare rår fylkesmannen kommunen til å vente eller eventuelt samkøyre prosessen med arbeidet med ein interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland. For å vurdere verknadane av og potensialet for havbruksnæring må planen basere seg på samla kunnskap for heile fjordsystemet, også utanfor arealet som ligg i Meland kommune. Tema som forureining, naturmangfald, vandringsruter til anadrom fisk og friluftsliv er særleg aktuelle.</li> <li>2. Fylkesmannen peiker på at det må gjerast ei grundig kartlegging av naturmangfald, dersom det vert aktuelt med å utvikle Landsvik til næringsområde.</li> <li>3. Sambandet vest: Fylkesmannen meiner at kommunen må vurdere planen etter statlege planretningslinjer for bustad-, areal- og transportplanlegging. Det er her viktig å ikkje berre sjå på Meland isolert, men korleis eit slikt vegsamband vil påverke eksisterande vegnett i kommunen, og trafikkmonster, busetnad og næringsliv i relevante område i nabokommunane. Fylkesmannen vil primært rå ifrå at kommunen legg for mykje arbeid i dette på noverande tidspunkt. Om kommunen ynskjer å sikre ein korridor til dette sambandet kan korridoren ligge som LNF-formål i kommuneplanen. Dersom kommunen vil leggje korridoren som framtidig veg vil det krevje omfattande kartleggingsarbeid innanfor fleire tema.</li> <li>4. Reiselivsrelatert næringsutvikling / Meland golf : Fylkesmannen er positiv til at Meland ynskjer å satse på reiselivsrelatert næringsutvikling. Når det gjeld utviklinga av Meland golf, peiker Fylkesmannen på at det er særskild viktig at tema som strandsone, bustad, areal og transportplanlegging vert grundig vurdert i planen.</li> <li>5. Fylkesmannen rettar særleg merksemd i plansamanheng på bustad, integrering og mangfald og oppfordrar kommunane til å busette fleire flyktningar.</li> <li>6. For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.</li> </ol>	<p><b>Rådmannen sin kommentar</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Havbruksrelatert næring på land og vann samt djupvasskai. Etter det vart militær forbudssone i store deler av Herdlefjorden ser kommunen behov for å sjå på alternativt areal for havbruk. Meland har potensiale til og ta i bruk større deler av kysten også til denne næringa. Arbeidet vil verte utført i dialog med næringa, nabokommuner, statleg og regionalt nivå.</li> <li>2. Dersom Landsvik skal utviklast til næringsområde vil det bli gjennomført konsekvensutgreiing med vekt på naturmangfald etter lova.</li> <li>3. Sambandet Vest, kommunen ynskjer å leggje inn framtidig vegtrase over Meland.</li> <li>4. Vert teke til orientering</li> <li>5. Areal for bustader er ikkje ein del av denne rulleringa.</li> <li>6. Kommunen ynskjer å ha ein tett dialog med Fylkesmannen i planprosessen.</li> </ol>
---	---	---	--

2	Statens vegvesen, e-post 08.11.17	<p>Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks og fylkesveg. Dei har fyljande merknader til planprogrammet.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Om FV. 564 Rosslandsvegen. Det er starta planarbeid for utbetring av fylkesveg 564 Rosslandsvegen, på strekninga Fløksand-Vikebø. Dagens veg toler ikkje auka belastning forbi Fløksand/Leiro. Statens vegvesen ber difor om at dette vert lagt som ein premiss i arbeidet med rulleringen av kommuneplanen, ved at ein ikkje opnar for tiltak som fører til vesentleg auka trafikk før vegen er utbetra.</li> <li>2. Havbruksrealtert næring: Statens vegvesen ber om at ein i planarbeidet vurderer transportbehovet over land i samband med areal for havbruksrelatert næring.</li> <li>3. Reiselivsrelatert næring: I planlegginga av Meland golf og andre områder nord på Holsnøy, understreker SVV at fylkesveg 564 ikkje toler auka bruk slik den ligg i dag. Tilkomst til området må vere tema i konsekvensutgreiinga og i ei eventuell ROS-analyse. Statens vegvesen ber om rekkjefølgekrav, slik at området ikkje kan utviklast før vegen er utbetra. Det kan og bli trong for ny tilkopling mellom kommunal veg Beitingsvegen og fylkesveg 564.</li> <li>4. Ny barneskule Frekhaug – Dalstø: SVV oppmodar kommunen om å legge til rette for ei hjartesone rundt den nye skulen, der biler ikkje kan kjøre, med gode stoppe og hentestader utanfor sona.</li> <li>5. Sambandet Vest AS har fått utarbeidd eit forprosjekt med anbefalt korridor. Statens vegvesen ser det som føremålstenleg at denne korridoren vert synleggjort i kommuneplanen. Endeleg trase må etter SVV sitt syn fastsettast gjennom kommunedelplan med konsekvensutgreiing (KU). SVV peiker og på at gjennomføring av prosjektet vil ha konsekvensar for transportmønster i kommunane og desse vil ha trong for opprusting. Dette må og vurderast som ein del av Sambandet vest prosjektet.</li> </ol>	<p>Merknadane til Statens vegvesen vert teke med i det vidare arbeidet med planen.</p> <p>Det skal leggast vekt på løysingar som gir trygge og attraktive gang- og sykkeltilbod for born til/frå skulen.</p>
3	NVE, i e-post 14.11.17	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. NVE ber kommunen ta omsyn til skredfare i bratt terreng. Havnivåstiging er ein alvorleg konsekvens av klimaendringane. Ved oppstart av planarbeid rår dei til å nytte følgjande rettleiar og verktøy. <ul style="list-style-type: none"> <li>- DSB sin rettleiar</li> <li>- NVE sine karttenester</li> <li>- NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVE sine saksområder i arealplanlegging</li> <li>- nve.no/arealplan</li> </ul> </li> <li>2. Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det vere skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til følge</li> <li>2. NVE får planforslaget til uttale ved offentleg ettersyn</li> </ol>

4	Hordaland Fylkeskommune, i e-post datert 03.11.17	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Akvakultur: Det er positivt at kommunen særleg med erfaringar frå konflikt mellom Forsvaret sine interesser og akvakulturinteresser ser trong for ein gjennomgang av sjødelen av arealplanen. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa og offentlege etatar. Kommunen bør planlegge for akvakultur slik at vi tek høgde for næringsutvikling både med omsyn til lokaliteter, artar og muligheit for ny teknologi.</li> <li>2. Tettstadutvikling: Meland kommune har sterk befolkningsauke og behovet for skulekapasitet er aukande. Det er positivt at ein i kommuneplanen ønskjer å vurdere lokalisering av barneskule i området Dalstø-Frekhaug.</li> <li>3. Reiselivsrelatert næringsutvikling og Meland golf : Utviklingsplanane til Meland golf går ut over rammene i gjeldande arealdel, og det vil omfatte golfresort, hotell, kulturminnepark, bustader, strandpromenade, småbåtanlegg og større tenestetilbod. Det er ingen tvil om at Meland golf har potensiale til å utvikle seg vidare som ein positiv reiselivsdestinasjon, men dette må likevel skje innanfor rammene av nasjonal og regional politikk, og må mellom anna bli sett i lys av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, og Regional plan for attraktive senter. Desse gir mellom anna rammer for bustad og næringsutvikling og lokalisering av tenester i kommunane. Dette området er ikkje definert som eit senterområde og Hordaland fylkeskommune vil peike på at dette må vere med i vurderinga av omfang av bustader og funksjonar.</li> <li>4. Areal for gjenbruksmassar: Det er positivt at kommunen set massehandtering på dagsorden på eit så tidleg planstadium. Då vil sjansen for å finne god bruk av overskotsmassane vere størst. Overskotsmassar av jord og stein bør sjåast på som ressursar som bør søkjast nytta mest mogeleg samfunnsnyttig.</li> <li>5. Planprogrammet peiker på at ein skal vurdere om næringsområda ved Landsvik (N13 og 14 i gjeldande plan) er eigna for sjøbruksrelatert næring. Fylkeskommunen vil understreke at vegforbindelsane ut i dette området er av dårleg kvalitet og standard, og viser i den samanheng til rekkefølgeføresegna i gjeldande plan om at utbygging av områda er avhengige av utbetra/ny veg.</li> <li>6. Samferdsel: Sambandet Vest Hordaland fylkeskommune har forståing for ynskje om å etablere eit vegsamband nord i fylket. Det kan vere hensiktsmessig å syne traseen i det overordna plankartet for Meland kommune. Hordaland fylkeskommune understreker at dette er eit stort og krevjande prosjekt som krev konsekvensutgreiing. Fylkeskommunen peiker og på at prosjektet ikkje er prioritert i Regional transportplan, og det er knytt stor usikkerheit til finansiering av prosjektet.</li> <li>7. Kulturminne og kulturmiljø Hordaland fylkeskommune er regional styresmakt for kulturminnevern. Omsynet til kulturminne skal sikrast i arealplanlegging. Ved offentleg ettersyn må ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn. Marine kulturminne: Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Meland kommune om å sørgje for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har ein klausul i</li> </ol>	<p>Merknadane til akvakultur og tettstadutvikling og gjenbruksmassar vert teke til orientering.</p> <p>Meland kommune ynskjer å planlegge for framtidig vegsamband over Meland, Sambandet vest. Arbeidet vil verte konsekvensutgreid. Merknaden til utviklinga av Meland golf vert teke til orientering</p> <p>Eventuelle konsekvensar for kulturmiljø skal utgreiast i planarbeidet. Planforslaget skal ikkje komme i konflikt med automatisk freda kulturminne.</p>
---	---	--	---

		<p>kommunedelplanens forskrifter om at dei skal utredes med regulerings- eller byggeplan, og lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen. Kulturminnemynde har og ein del merknader og råd knytt til formuleringar kring føresegner knytt opp mot kulturminne.</p> <p>Oppsummering: Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på akvakultur, næringsutvikling, samferdsel, senterutvikling og lokalisering av funksjonar, samordna areal- og transportplanlegging, kulturminne og kulturmiljø.</p>	
5	Mattilsynet, i e-post 09.11.17	<p>Mattilsynet har hovudansvaret for forvaltninga for å sikre helsemessig trygg mat, fremje god fiskevelferd og respekt for dyr/fisk, kvalitet og forbrukaromsyn langs heile matproduksjonslina og ivareta miljøvenleg produksjon. Mattilsynet avgjer søknader om å drive oppdrettsvirksomhet etter matloven og dyrevelferdsloven og legg i sakshandsaminga vekt på å vurdere faren for smittespredning til og frå anlegget. Mattilsynet har interesse av å bli involvert i det vidare arbeidet i Meland kommune med havbruksrelatert næring, også når det gjeld alternativ lokalisering.</p>	Teke til orientering
6	Kystverket, i e-post 10.11.17	<p>Det er registrert to viktige bi-leier i Meland kommune, Herdlefjorden og Radfjorden. Kystverket ber om at kommunen føyer til sjøvegstransport til utgreingspunktet areal for havbruksrelatert næring på land og vatn, samt areal for djupvasskai. Dette vil vere i samsvar med kommunen sin arealstrategi, der vi har sagt at vi skal stimulere til næringsutvikling gjennom tilrettelegging i vekstområde langs viktige kommunikasjonsaksar medrekna sjøvegstransport.</p>	Teke til orientering. Sjøvegstransport vil bli vektlagt som viktig kommunikasjonsakse.
7	Forsvarsbygg e-post datert 06.11.2017	<p>Forsvarsbygg gjev uttale til saka for å sikre interessene til Forsvaret. Det ligg ei militær forbodssone i sjøen knytt til verksemda til Forsvaret ved Heggerneset. Forsvaret viser til den militære forbudsona og påpeiker at kommunen må innretta arbeidet med planen slik at ein kan unngå arealbrukskonflikt med den militære forbodssona.</p>	Teke til orientering
8	Fiskarlaget Vest, i e-post datert 09.11.17	<p>Har innspel til rullering på tema havbruksrelatert næring</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Ein vil gjere merksam på at kysten utgjør sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli verdens fremste sjømatnasjon. For å oppnå dette er ein heilt avhengig av eit godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.</li> </ol> <p>Fiskarane er i utgangspunktet positivt innstilt til anna næring og aktivitet. Samtidig er det ein føresetnad at dette ikkje må kunne øydeleggje viktige gyte- og oppvekstområde, for kvalitet og åttferd hos ville marine arter, eller for sjølve fisket. Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona.</p>	Planforslaget skal ikkje endre på fiskemoglegheiter. Teke til orientering.

		Eksempel på konfliktområde er; oppdrett, reguleringsplanar ut i sjø ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar i sjø, kablar i sjø, - fritidsinteresser	
9	Lindås kommune ved planutvalget e-post 01.11.17	Planutvalget ber om at det vert sikra ein arealkorridor på strekket Rossland - Radøy, for mogleg framtidig vegsamband. Vidare ynskjer dei eit samarbeid med Lindås kommune, dersom det i deltemaet havbruksrelatert næring og djupvasskai er ynskjeleg å vurdere areal som tangerer mot Lindås kommune. Plan- og miljøutvalet ynskjer å verte involvert i vurderingar knytt til arealbruk opp mot kommunegrensa.	Teke til orientering
Private innspel			
10	Gripen gard, gard nr. 35, bruk nr 2. Helene Solli. E-post 15.11.17	Grunneigar Solli ynskjer å etablere kursarena, og overnatting av spesiell karakter med små utleigehytter på garden, (flyttbare, under 15 m2) lavoar og små tretopphytter. Dette tilbudet vert knytt opp mot økologisk drift og servering på garden. Ho skal utvikle overnattingstilbodet på berekraftig vis, med omlag ingen terrenginngrep. Solli samarbeider med smaken av Nordhordland og andre reiselivsaktører i regionen.	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.
11	Gbnr. 25/1, parsell Nedre Fosse. Leiv Jan Fosse. E-post 15.11.17	Fosse planlegg selskapslokale på deler av eigedomen der området er lagt inn som LNF-Spreidd næring i gjeldane arealplan. Fosse peiker på at for å skaffe kundegrunnlag for aktiviteten som planleggast som selskapslokale og overnatting, er det viktig å oppnå god omsetning av nye kundar. Ein faktor for å sikre framtidig bærekraft for en slik virksomhet vil være sikre en stabil strøm av nye kundar i form av turister, derfor ynskjer Fosse større areal til å etablere utleigehytter. Området er solrikt og har fin utsikt over fjorden og etablert infrastruktur og kort avstand frå Bergen.	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.
12	Gnr. 40 Bnr. 7, Fureskjeggvegen 71. Alexander Helle og Julie Tessem. E-post 15.11.17	Innspelet gjeld reiselivsrelatert næringsutvikling, og gjeld eigedomen. Eigjar ynskjer å utvikla eit nytt regionalt overnattings- og serveringstilbod, med gjesteven, unike overnattingstilbod i eksisterande og ny bygningsmasse. Dei utvikla ei verksemd knytt til opplevingsturisme, lokal matkultur og fiske. Kjerner i verksemda vil vera det historiske garveribygget, der det ligg til rette for å utvikla overnattings- og serveringstilbod. For å leggja til rette for besøkande som kjem sjøvegen kan det bli arrangement/grupper. I kommuneplanens arealdel 2015-2025 er store delar av arealet i strandsona på eigedomen sett av til naust (4 stk. i planperioden). Eigjar ynskjer at det vert opna for fleire naust/rorbuer innanfor det alt avsette området, og at bruken utvidast slik at bygga kan tena som overnattingstilbod for tilreisande. Plassering og detaljer Ing av hyttetun er ikkje endeleg avklart. Dei ser for seg eit mindre anfall utleigehytter, med eit sørvisbygg for felles opphald/bad/toalett. kai/småbåthamn. Dette kan gjerast med utgangspunkt i eksisterande kai på Fureskjegget (uavklart eigarforhold/bruksrettar), eller ved etablering av ny kai nordvest for dagens kai.	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.
13	Asbjørn Larsen e-post 15.11.17	Søklar ber om utvidelse av bruken på områda N_11 og SM_2 i kommuneplan og at kommunen kan vurdere utvide båt plassar til opp mot 250-300 enheter i rulleringen av kommuneplanen. I gjeldane arealdel er det lagt inn areal for 30 båtar. Grunnen for å søke om etablering av marina på vår eigedom på Io er å kunne starte opp med en eigen bedrift og kunne ha det som levebrød og heildagsjobb. Dei vil og etablere eit verksted for båtmotorar og andre mekaniske reparasjonsarbeid i forbindelsen med etablering av marina. Det er også planlagt sal av mindre fritidsbåter, motorar og	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.

		<p>hagereiskapar(plenklippar, motorsager osv.) og reparasjon og service av slikt.</p> <p>For å kunne ha dette som hovedjobb i lys av alle kostnader og investering ynskjer dei å ha bort imot 250-300 båtplassar å leige ut. Det er og med tilleggstjenester som, verksted og båtlaging.</p> <p>Det vert og fremma eit ynskje om å sjå på området på Io ved småbåthamnene i høve til infrastruktur og tilkomst i området.</p> <p>Larsen ønske også at kommunen vurderer mulighetene til å starte arbeidet med å kunne fått etablert ein kanal mellom Skurtveit og Io. Dette hadde kunne betra miljøet i høve utskifting av overflatevatn i Rosslandpollen. Det kunne og blitt ein fin plass til småbåtar å ferdes ut mot Herdla og samtidig etablert fortøyningsområde langs kanalen for småbåtar med tanke på overnatting og rasteplass.</p>	
14	Vidar Kvalvåg, 124 gr.nr.12 br.nr.1910.07.17	Kvalvåg skriv at eigedommen deira egner seg til boligtomt, og dei vurderer å skile ut den til boligbygging. Området ligger i LNF. på adressa Melandsvegen 124 gr.nr.12 br.nr.19	Rullering av areal for bustad er ikkje ein del av denne planen
15	G.nr 9 B.nr 10. Arne Rossnes	<p>1. Rossnes ber om at det blir av sett parkering/av og påstigning for reisande med offentlig transport og at resten av området blir avsatt til boligbygging. Området ligg tett ved holdeplass på Hjertås som er endestasjon for mange av bussavgangene. Dette medfører at det står parkert biler på holdeplass og i krysset inni byggefeltene Orrhøyen og Mjukebakkane. Han ber om at det vert tilrettelagt for parkering/av og påstigning, og parkering for pendlere for å reise kollektivt vidare.</p> <p>2.Søkjjar ynskjer at resten av området blir avsett til boligbygging, som ei naturlig utviding av Orrhøyen og Mjukebakkane boligfelt.</p>	<p>1. Teke til orientering</p> <p>2. Etablering av nye bustadområder er ikkje tema i denne rulleringa og vil ikkje verte vurdert vidare.</p>
16	Salar Bruk/Alsaker fjordbruk E-post 14.11.17	<p>Salar Bruk ynskjer å utvida arealet i tilknytning til eksisterande verksemd. I 2014 fekk Salar Bruk auka sitt produksjonsløyve til 11,5 millionar smolt, og anlegget har behov for meir areal for å realisere det potensialet som ligg i løyve. Salar Bruk vil veksa vidare, og justera produksjonen i høve til nye behov og krav i næringa. Dei ber difor om å få realisere det uforløyste potensialet ved Salar Bruk gjennom å produsere meir og større fisk på land. Det er generelt få eigna lokalitetar langs kysten der ein finn kombinasjonen av tilgjengeleg tomteareal, tilstrekkeleg og god kvalitet på ferskvatn, tilgang til sjø og sjøvatn, tilgang på el-kraft, nærleik til hovudferdsleårer, samt annan infrastruktur. Salar Bruk oppfyller desse kriteria, og dei ynskjer å bygge vidare på desse føresetnadane.</p> <p>Alsaker Fjordbruk/Salar Bruk ber om at det blir vurdert i planarbeidet ei utviding av noverande N_15 og AK_1 for å tilrettelegge for Salar Bruk sine planar. Dei ynskjer å ta i bruk ein mindre del av gnr. 43 bnr. 9 som tilleggsareal for Salar Bruk. Det er viktig for Alsaker Fjordbruk å få avklara rammene for utvikling av Salar Bruk.</p>	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.
18	Akva Total A.S, Ved Morten Midtbø E-post 28.11.17	Akva total ynskjer å utvikle testanlegg for eit nytt förråstoff basert på akvatisk biomasse, treng eit mindre areal i Meland.	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.
19	Blom fiskeoppdrett e-post 15.11.2017	<p>Fleire av deira lokaliteter er i kommunane Lindås, Radøy og Meland og mange tilsette er frå Nordhordland. For å sikre fleire og gode arbeidsplasser er dei avhengig av gode rammevilkår. Blom Fiskeoppdrett AS ynskjer å ha gode, sikre anlegg.</p> <p>Blom Fiskeoppdrett har følgjene forslag til endring/nye akvakulturområde:</p>	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.

		<p>1.Kjeppvikholmen Dei ynskjer at lengda på AK området vert utvida slik at det vil være plass til 1 – 2 ekstra ringer. Det er i dag plass til kun ringer i AK-området. Dette vil gje betre fleksibilitet og betre plass slik at dei kan ha mindre tetthet i merdane.</p> <p>2.Laksevika Dei ber om at tidlegare innsendt forslag til endring av AK område på Laksevika står ved lag. Lokaliteten er svært god og har vert i drift sidan 1995. Dei ynskjer å flytte anlegget lenger ut frå land, for å få plass til nytt utstyr, bytte til plastringer, betre fortøyningsystem og for å få betre plass for større båtar til å gå på innsida av anlegget.</p> <p>3.Trollhola- nytt anlegg</p> <p>4.Skjelanger Forslag på ny lokalitet nord for Skjelanger i utløpet av Mangersfjorden. Lokaliteten kan eigna seg godt til oppdrett.</p>	
20	Meland golf og naturpark e-post 09.11.17	<p>Meland golf og naturpark ynskjer å utvikle området med ca.200 bueingar for fastbuande og nokre ferieleiligheter. Dei skal etablere eit hotell som kan drive hele året og ikkje berre er golfrelatert. Hotellet skal dekke heilårsbehov for alle grupper med kafe, restaurant og svømmehall. Det skal og vere konferansemuligheter for møter og næringsgrupper.</p> <p>Dei vil utvikle området til å bli eit attraktivt område for kultur og aktivitet for alle, med til dømes opplevelsespark, leikepark, tennis, treningslokale og golfsimulator.</p> <p>Kulturtilbod er viktig for utviklinga og her ynskjer ein å etablere scene for konserter og kulturpark.</p> <p>Vidare vil dei etablere eit rekreasjonsområde med marina, båt utleige, fiske, segling</p> <p>Dei vil og få på plass barnehage og butikk i området. Det er og eit mål å etablere ein kai med båttransport til og frå Bergensområdet.</p>	Innspelet vert analysert og vurdert i høve til utgreiingstema og konsekvensutgreiing i arbeidet med plandokumentet.